

Hjelp med data

Som elev har du iblant kanskje spørsmål om noko du treng hjelp med angående data. Det er då ofte naturleg å kome til IT-avdelinga på skulen for å få hjelp.

Men det er ikkje alltid vi *kan* hjelpe, eller har *tid* til å hjelpe.



Kva kan IT-avdelinga hjelpe deg med?

Så langt vi har moglegheit til det vil vi prøve å hjelpe deg med fylgjande:

Alt som har med skulen sitt nett, slik som det å kople til maskina di til det trådlause nettet, skrivarar, tilkoplinga til internett gjennom det trådlause nettet, og Fronter og Skulearena kan vi hjelpe deg med. Nokre ting, slik som brukarnamn og passord til Fronter/Skulearena, kan du kome til oss for, men dette er det IT-avdelinga på fylkeshuset i Molde som administrerer, slik at det nokre gonger kan gå noko tid før vi kan hjelpe deg. Men hjelp skal du få.

PC'ar som skulen eig, slik som maskinene på dataroma eller Landskapet, er det vi som har ansvar for. Vi kan difor prøve å hjelpe deg med problem du har med desse, så lenge det gjeld sjølve maskinene, eller feil på program som er installert på maskinene. Hugs at du sjølv ikkje har lov å installere program på skulen sine maskiner som du ikkje har fått godkjent av læraren eller oss på IT-avdelinga. Vi kan dessverre ikkje hjelpe deg med å lære deg å *bruke* programma.

Programvare slik som Mathcad, som skulen betalar for og deler ut, kan vi hjelpe deg med å *installere*. Det er likevel eit lite forbehold om at maskina di *kan køyre* programmet. Korleis du *brukar* programmet bør du spørje læraren om, eller finne ut på eiga hand, då det ikkje er sikkert at vi kan hjelpe med dette.

Feil som kjem under desse punkta kan du melde frå om på <http://helpdesk.elevar.dns> eller ved å kontakte oss på IT-avdelinga direkte.

Kva kan vi *ikkje* hjelpe deg med?

Alt som har med di eiga maskin å gjere, slik som problem med å starte opp, problem med Windows eller liknande, og som ikkje har direkte med tilkoplinga til skulen sitt nett eller vår programvare å gjere, er i hovudsak ditt eige ansvar. Om vi har tid eller moglegheit, kan vi prøve å hjelpe deg, men vi har ikkje noko ansvar, så vi kan difor også seie nei. Vi har mykje å gjere, så prøv sjølv eller spør venar eller leverandør av programmet eller maskina di før du spør oss.

Program slik som OpenOffice og antivirusprogram treng du, og antivirusprogram er du faktisk *pliktig* å ha installert, dersom du også er kopla til skulen sitt nett. Dette gjeld også for maskiner som køyrer Linux eller Mac OS. Men det er opp til deg sjølv å velje *kva* program du vil bruke, og du må også installere desse på eiga hand. Vi kan kanskje hjelpe dersom du står fast, men dette forutset at vi har *tid* til å hjelpe deg.